

DEN NORSKE KYRKJA

MØTEBOK

Torsdag den 12.juni kl. 16.00 – 18.00 holdt Fellesrådet møte i Sveio Soknehus

Møte var kalla inn ved epost til medlemmene 05.06.2018

Følgjande medlemmer/vara medlemmar møtte; Kjell Gunnar Nymark, Hildur Larsen, Tor Helge Hardeland, Bent Rune Sinnes, Ragnhild Lysen, Astrid Farestveit Gane og Arild Steinsland

Forfall frå; Eirik Eriksen

Merknader til innkallinga; Nei

Merknader til saklista; Nei

Tekst for dagen ved Arild Steinsland

Til stades frå administrasjonen; Kyrkjeverje Ottar Krakk

Sakliste og dei vedtak som er gjort er protokollert nedanfor:

Sak 12/2018 Godkjenning av referat og innkalling

Informasjon og skriv

Sak 13/2018 Stilling som kyrkjetenar

Sak 14/2018 Innspel til driftsbudsjettet til kommunen

Sak 15/2018 Plan for kyrkjegardane

Sak 16/2018 Økonomirapport Fellesrådet

Sak 17/2018 Møteplan Haust 2018

Sveio, 13.06.2018

sign
Tor Helge Hardeland
Leiar



Ottar Krakk
Kyrkjeverje

Signering av protokoll:

Hildur Larsen

Arild Steinsland

SVEIO FELLESRÅD SAKSPAPIR

Styre, råd, utval m.m.	Møtedato	Saksnr	Sbh.
Fellesrådet	12.06. 2018	Fel . 12/2018	OK
Sbh: Ottar Krakk	Arkiv:		

Sak 12/2018 Godkjenning av referat og innkalling**Informasjon og skriv:**

- Skifte av styringssystem av kyrkjeklokkene i Sveio 19. og 20. juni
- Revidert budsjett – Sveio kommune; Framlegg til ekstrabevilgning til maling av Sveio kyrkje og lys på parkeringsplass ved Sveio kyrkje/Sveio Soknehus.
- Rullestolrampe Eikeland Kapell + Maling
- Utfordring med vedlikehald av gravplassar i varmeperioden i mai.
- Høyring «Ny kirkeordning for Den norske kyrkje» - Utsett høyring

Nytt badeanlegg i Sveio

Det er mottatt varsel om oppstart av planarbeid for badeanlegg i Sveio sentrum, plassering like på andre sida av Sveiogata sør for Sveio Kyrkje.

Fellesrådet gir følgjande uttale;

Sveio kyrkjelege Fellesråd ser positivt på bygging av badeanlegg i Sveio sentrum og ser at det kan vera ei god plassering med nærleik til blant anna kyrkje og soknehus. Sveio Kyrkjeleg Fellesråd vil samtidig understreka nokre moment som og kjem fram av dokumenta som følg kommunen si sak om bygging av badeanlegg.

Vi viser til «Føresegner til kommuneldelplan for Sveio Sentrum» Her står det blant anna;
«Sveio kyrkje skal framleis vera det mest markerte landemerket.....»

Vi viser og blant anna til punkt 5.6 og 13.2 i planen som begge seier noko om korleis ein må utforma områder som ligg nært opp til kyrkja, særleg område som ligg i 60 meter sona.

Fellesrådet vil understreka det som og kjem fram i saksdokumenta om at det må leggest til rette med tilstrekkeleg med parkering til badeanlegget. Då kan ein samtidig sikra god sambruk med andre sentrumsfunksjonar som kommunehus, kyrkje og soknehus.

SVEIO FELLESRÅD SAKSPAPIR

Styre, råd, utval m.m.	Møtedato	Saksnr	Sbh.
Fellesrådet	12.06.2018	Fel . 13/2018	OK
Sbh: Ottar Krakk	Arkiv:		

Sak 13/2018 Stilling som kyrkjetenar

Stilling som kyrkjetenar er ledig frå 1.9.2018 etter at ho som har hatt stillinga har sagt opp stillinga etter endt permisjon. Stillinga er ei 35% stilling og inneber reinhald av kyrkjene, kyrkjetenar ved gravferder og skulegudstenester samt eit ansvar for enklare vedlikehald mv inne i kyrkjene.

Det har vore ein vikar i stillinga i den tida ho som er fast tilsett har hatt permisjon. Stillinga har då vore utvida til 100% stilling ved bl.a. eksterne midlar. Desse midlane fell nå vekk ved utgangen av juni 2018.

Kyrkjetenar ved gudstenester på søndagar og helgedagar vert ivaretatt av ungdommar tilsett i småstillingar. Det har siste perioden vore 4 ungdommar tilknytt oss. Stillingsstorleiken er i størrelsesorden 2-4%. To av desse har nå sagt opp og sluttar i august. Desse to har i hovudsak arbeida i Valestrand og Førde.

Fellesrådet har og fleire andre deltidsstillingar der dei tilsette har arbeidsoppgåver på andre felt. Det må sjekkast ut om andre fast tilsette påberope seg retten til å utvida sin stilling, jf Arbeidsmiljølova § 14-3. Retten til utvida stilling forutset at den tilsette er kvalifisert for stillinga og at utviding kan skje utan vesentlege ulemper for verksemda. Kyrkjevevja vil sjekke ut dette innan møte 12. juni.

I den perioden me har hatt utvida ressursar har vikaren og utført nokre oppgåver på gravplassane samt nokre få enkle oppgåver knytt til soknehuset.

Det har tidlegare vore utfordringar med å få søkjarar til stilling som kyrkjetenar. Når vikariatet var utlyst i 2017 var det kun ein søkjar til stillinga. For nokre år tilbake fekk ein ikkje søkjarar til stillinga.

Det har tidlegare og vore vurdert å dela opp stillinga slik at reinhaldet vert gjort av ein tilsett/ev kjøp hjå firma og at dei andre oppgåvene vert gjort av andre tilsette/kyrkjetenar i lågare stillingsandel.

Vurdering

Kyrkjevevja vil tilrå at ein knyter til seg to - tre personar, gjerne ungdommar, som kan vera kyrkjetenar ved gudstenester på søndagar og andre helgedagar.

I tillegg vil eg som kyrkjevevje tilrå at det vert lyst ut stilling som kyrkjetenar i 35% stilling med innhald som i dag. Det ville vore ønskeleg å ha ein større stillingsbrøk men pr i dag er det ikkje ressursar til det. Det vil vera ønskeleg med kompetanse på reinhald samt enkelt vedlikehald av kyrkjene innvendig, sølv, tekstilar mv. I tillegg må vedkomande kunne vera kyrkjetenar ved gravferder samt ved enkelte gudstenester på søndagar og/eller andre helgedagar. Kyrkjevevja vil ikkje tilrå at ein set krav om fagbrev. Stillinga bør lysast ut slik at moment ovanfor vert lagt vekt på. Arbeidserfaring og koss personleg egna personen er vil og leggst vekt på.

Etter delegasjonsreglementet er det Fellesrådet sjølv som tilset i faste stillingar. Fellesrådet må derfor og setja ned personar til eit intervju/tilsetjingsutval eller alternativt delegera tilsetjinga i denne konkrete stillinga til administrasjonen.

Når det gjeld å rekruttere til mindre kyrkjetenarstillingar på 2-4% vil kyrkjevevja tilrå at dette vert delegert til kyrkjevevje.

Kyrkjevevja sitt framlegg til vedtak:

1. Kyrkjevevja får fullmakt til å tilsetja inntil 3 personar i småstillingar/vikariat som kyrkjetenar ved gudstenester på søndagar og helgedagar. Alle stillingar avgrensa til inntil 2% stilling.
2. Fellesrådet lyser ut stilling som kyrkjetenar i 35% stilling
3. **Alternativ 1:** Fellesrådet oppnemner følgjande to medlemmer til å foreta tilsetjing i kyrkjetenarstilling;
Alternativ 2: Fellesrådet gir fullmakt til Kyrkjevevje å tilsetja i kyrkjetenarstilling.

Behandling i Fellesrådet:

Ønske om større ressurs, auke til 50%. Dette vil vera viktig for å auka mulighetene for gode søkerar samt få utført nødvendige oppgåver. Auke i kostnad må tas innan budsjettramma.

Fellesrådet sitt vedtak:

1. Kyrkjevevja får fullmakt til å tilsetja inntil 3 personar i småstillingar/vikariat som kyrkjetenar ved gudstenester på søndagar og helgedagar. Alle stillingar avgrensa til inntil 2% stilling.
2. Fellesrådet lyser ut stilling som kyrkjetenar i 50% stilling. Kostnad må tas innan budsjettramma.
3. Fellesrådet oppnemner følgjande to medlemmer til å bli med å foreta tilsetjing i kyrkjetenarstilling; Astrid Farestveit Gane og Bent Rune Sinnes.

SVEIO FELLESRÅD SAKSPAPIR

Styre, råd, utval m.m.	Møtedato	Saksnr	Sbh.
Fellesrådet	12.06.2018	Fel . 14/2018	OK
Sbh: Ottar Krakk	Arkiv:		

Sak 14/2018 Innspel til driftsbudsjettet til kommunen

Kyrkjesektoren har i kommunebudsjettet blitt tilgodesett med kommunale investeringsmidlar til rehabilitering av kyrkjebygg samt midlar til nye kontorlokalitetar mv og til utviding av gravplassen i Førde dei siste åra. Det ligg og inne midlar i gjeldande økonomiplan vedkomande rehabilitering av kyrkjebygg, brannsikring og enøk mv.

Når det gjeld drift så har fellesrådet fått ein auke i ressursar som er i underkant av pris og lønsvekst i perioden 2013-2018. Samtidig har dette vore i ein periode der det har vore stor auke i befolkninga i Sveio. Fellesrådet skal dels betena heile befolkninga og dels eigne medlemmer. I kommunen sitt budsjettframlegg for 2018 kjem det fram at det vart nytta kr 85,- mindre pr innbyggjar til kyrkjelege føremål i 2016 samanlikna med 2013. Med ei befolkning på om lag 5700 utgjer dette nærare ein halv million kroner. Ein halv million er ein betydeleg sum når totalt kommunalt tilskot er i underkant av 4 millionar. Sveio kommune nyttar og eit noko lågare beløp pr innbyggjar til kyrkjelege føremål enn det andre kommunar i kommunegruppe 11 gjer, kr 647,-/innbyggjar samanlikna med kr 673,- i kommunegruppa.

I sak til Sveio kommunestyre vedkomande økonomiplan 2019 – 2022 foreslår rådmannen ein auke til dei ulike sektorane, inklusiv fellesrådet på 2,6%. Denne auken er tilsvarende forventa pris og lønsauke.

Så lenge me har ein befolkningsauke og nå dei siste åra vil dette føra til ein ytterlegare nedgang, jf nedgangen pr innbyggjar frå 2013-2016.

Sveio kyrkjelege Fellesråd vil i løpet av kort overta vedlikehaldet av kyrkjegardane i Sveio Sentrum og dei nye felta på gravplassen ved Førde kyrkja. Erfaringar frå våren 2018 og tidlegare år viser at me særleg tidleg i vekstsesongen har store utfordringar med å halda gravplassane i tilstrekkeleg god nok stand. Vedlikehaldet av Sveio sentrum skulle vore overtatt for fleire år sidan men er blitt utsatt fleire gonger pga. at kommune og fellesråd ikkje har ønska å overta gravplassen før entreprenør har tatt ansvar for planter og tre som har daua mv.

Det er generelt sett ein vesentleg auke i aktiviteten, jf dåp, gravferd, trusopplæring mv. Dette utgjer totalt sett eit stort arbeidspress på ulike deler av organisasjonen. Utbygging og rehabilitering som er finansiert av Sveio kommune medfører også at Fellesrådet må nytta sine ressursar på å få gjennomført desse prosjekta. Både administrative ressursar og kyrkjetenarressursane er marginale. Små stillingsbrøkar kan for nokre vera ønskelege, men i rekrutteringssamanheng er det jamt over ein stor utfordring. Det var få søkjarar når kyrkjeveerjestillinga var ledig for få år sidan og det var kun ein søkjar når kyrkjetenarstillinga var ledig for eit år sidan. Forutan desse har ein hatt stor stabilitet i arbeidsstokken noko som har medført at ein har fått både arbeidsoppgåver gjort og fått drifta til å gå innan budsjetttrammene.

Vurdering

Kyrkjeverja vil tilrå at ein ber om auka bevilgningar frå kommunen på kr. 220.000,- pr år i tillegg til det generelle auken på grunnlag av løns og prisauke på kr 2,6%. Dette vil gi rom for å auka den administrative ressursen med 15% samt kyrkjetenar ressursen med 15%.

Ved å auka den administrative ressursen vil ein i større grad greia å følgja opp aktiviteten i fellesrådet sin regi. Det er ein god del administrative oppgåver som vert nedprioritert nå, her under arbeid med rutinar, planarbeid og oppfølging av rehabilitering av kyrkjebygg mv. Denne auken i administrative ressurs kan enten leggest til kontorsekretær eller kyrkjeverje. Oppgåver kan justerast mellom desse.

Ved å auke kyrkjetenarstillinga vil ein kunne sikra at ein føl opp kyrkjebygga betre innvendig gjennom året. Aktiviteten her er skiftande og ein ville kunne nytta noko av personalressursen og til gravplassektoren i den delen av året det er størst behov for arbeidskraft ute på gravplassane. Kyrkjetenarressursen har for nokre år sidan blitt redusert pga manglande midlar. Det vil vera nødvendig å heva denne igjen for å sikra eit betre vedlikehald av kyrkjebygga.

Begge deler vil og vera viktig for å rekruttera og behalda folk i stillingane.

Kyrkjeverja sitt framlegg til vedtak:

Sveio Kyrkjelege Fellesråd ber om auke i det kommunale tilskotet til drift med kr. 220.000,- /år frå og med 2019. Auken skal finansiera auke i administrativ ressurs og kyrkjetenarstilling.

Behandling i Fellesrådet:

Det har vore reduksjon i kyrkjetenarstilling over dei siste 10-15 åra for å ta inn auka lønsutgifter. Reduksjonen i tilskot pr innbyggjar er betydeleg større over ein fire års periode enn den auken me nå ber om.

Fellesrådet sitt vedtak:

Sveio Kyrkjelege Fellesråd ber om auke i det kommunale tilskotet til drift med kr. 220.000,- /år frå og med 2019. Auken skal finansiera auke i administrativ ressurs og kyrkjetenarstilling.

SVEIO FELLESRÅD SAKSPAPIR

Styre, råd, utval m.m.	Møtedato	Saksnr	Sbh.
Fellesrådet	12.06.2018	Fel . 15/2018	OK
Sbh: Ottar Krakk	Arkiv:		

Sak 15/2018 Plan for kyrkjegardane

Sveio kyrkjelege Fellesråd bad i sak 27/2017 om følgjande;

Fellesrådet sitt vedtak:

- 1. Sveio Kyrkjelege Fellesråd vedtek at det skal utarbeidast ein ny plan for gravplassar i Sveio for perioden 2019 – 2060.*
- 2. Planen skal sendast til høyring i løpet av våren 2018 og bli lagt fram til vedtak hausten 2018*
- 3. Vedtekter for kyrkjegardane i Sveio skal revideras.*
- 4. Nye vedtekter skal føreligga i løpet av 2018*
- 5. Ulike betalingsordningar i samband med gravlegging og feste skal og tas opp til vurdering.*
- 6. Framlegg til nye betalingssatsar mv skal føreligga innan behandling av budsjett for 2019.*

Kyrkjeverja har i samarbeid med andre av dei tilsette utarbeida eit utkast til plan. Dette er eit første utkast og det er ønskeleg med innspel til denne både frå Fellesrådet og frå andre høyringsinstansar.

Hovudpunkt i planen:

- Lov og regelverk på området
- Status og oversikt over gravplassane i kommunen.
- Kapasitet
 - o Ledige graver
 - o Befolkning og befolkningsendringar
- Tiltak
 - o Utbyggingar
 - o Gravferdspraksis
 - o Økonomiske verkemidlar
 - o Informasjon

Kapasitet

Planen viser at det vil bli utfordringar med kapasitet på Eikeland i løpet av få år. Den viser vidare at det på litt lengre sikt vil vera behov for vidare utbygging i Sveio Sentrum. Ved Valen kapell er det og viss utfordringar. Desse utfordringane ved Valen bør kunne løysast ved mindre utbetringar/ justeringar. På dei andre gravplassane bør det vera god kapasitet i overskødeleg framtid.

Befolkningsendringar i Sveio med både auke i folketalet og ei endring til stadig fleire eldre vil og medføra betydeleg auke i gravferder i løpet av dei første 20 åra. Desse endringane ser ut til å slå sterkt ut sør i kommunen.

Gravferdspraksis

Det er nå tilrettelagt for innbyggjarar som ønskjer gravferd etter muslimsk skikk. Det er vidare i større grad lagt til rette med urnegraver og med eigen minnelund. Dette er i tråd med ein viss auke i bisetjingar nå dei siste åra. Det vil vera klare fordelar sett i forhold til arealbruk og gjenbruk av graver at det vert auke i bruk av urner.

Økonomiske verkemiddel

I planen vert det føreslått at kommunen vurderer å dekkja kremasjonsavgifta. Det vert i tillegg føreslått å vurderer å endra praksis rundt festeavgift slik at alle får rett til frigrav uavhengig av om ein vert lagt i ei allereie festa grav eller i ei ny grav. Ei slik endring vil medføra reduserte inntekter for Fellesrådet. Dette må i såfall tas inn på annan måte, t.d. ved auke i den festeavgifta pr grav på minimum kr 50,-/år (frå 250,- til 300,-) . Alternativt auke i det kommunale tilskotet.

Vedtekter for gravplassane

Eksisterande vedtekter er frå 1997 og det er behov for justering og fornying av desse. Endringane er ikkje store men det vert opna for at ein kan setja opp gravminne tidlegare på dei nyaste gravplassane. Vidare er det innarbeida at det nå er bårerom tilgjengeleg på Sveio soknehus. Dei lokala som inn til nå sporadisk har vore nytta som bårerom i kyrkjebygga i Valestrand, Eikeland og Førde vert føreslått tatt ut av bruk som bårerom.

Det er og utarbeida egne retningslinjer for minnelundane.

Vurdering

Ein plan som går over 40 år vil ha mange usikkerhetsmoment ved seg. Det vil heilt klart skje endringar som kan endra føresetnadane. Endringar vil kunne skje i lovverk, forvaltning, befolkning, gravferdsskikkar mv. Ein plan vil vera eit nyttig hjelpemiddel sjølv om ein plan som er skissert til å vera i 40 år vil ha behov for evaluering og revidering undervegs.

Det er viktig at ein slik plan har brei støtte i organ som skal styre etter den og/eller som skal ta i vare interessene til innbyggjarane i Sveio. Den bør derfor sendast ut til høyring i aktuelle organ før den vert vedtatt. Dette gjeld lokalt men og til sentrale organ innanfor gravferdsforvaltninga.

Det vert tilrådd at det vert sett ein høyringsfrist som er tilstrekkeleg lang til at ein får inn uttale frå mange. Etter kyrkjevevja sin vurdering bør ein setja høyringsfristen til 20. september. Ein vil då ha høve til å arbeida med innspel og leggja planen fram til vedtak i Fellesrådet i løpet av hausten.

Dokument i saka:

«Plan for gravplassane i Sveio 2020-2060»

«Vedtekter for gravplassane i Sveio»
«Retningslinjer for namna minnelund»

Kyrkjevevja sitt framlegg til vedtak:

1. Fellesrådet sender «Plan for gravplassane i Sveio 2020-2060» og «Vedtekter for gravplassane i Sveio» samt «Retningslinjer for minnelund» ut til høyring.
2. Høyringsfristen vert sett til 20. september.

Behandling i Fellesrådet:

Viktig å få spelt inn ev behov for gravplassutvidingar, parkering mv til kommuneplanarbeidet.

Fellesrådet sitt vedtak:

1. Fellesrådet sender «Plan for gravplassane i Sveio 2020-2060» og «Vedtekter for gravplassane i Sveio» samt «Retningslinjer for minnelund» ut til høyring.
2. Høyringsfristen vert sett til 20. september.

SVEIO FELLESRÅD SAKSPAPIR

Styre, råd, utval m.m.	Møtedato	Saksnr	Sbh.
Fellesrådet	12.06.2018	Fel . 16/2018	OK
Sbh: Ottar Krakk	Arkiv:		

Sak 16/2018 Økonomirapport Fellesrådet

Rekneskapen for dei fire første månadane i år viser eit bilde som i store trekk er i tråd med budsjett 2018 samt og rekneskapet for fjoråret. Rapporten viser eit overskot på 31909,- for årets første 4 månadar, noko som er ein del betre enn periodebudsjett og rekneskap 2017. Samtidig er det små marginar og det skal ikkje store ekstra utgiftene til før at det vert utfordringar med å få rekneskapet til å gå i hop for året sett under ett.

Det er visse utgifter som kjem årleg eller nokre få gonger i året. På nokre postar slår dette ut slik at heile årets budsjett er brukt opp. På andre har det ikkje blitt brukt noko føreløpig. Det kan og vera litt forskjell på tidspunktet desse kjem inn/vert betalt frå eine året til det andre.

Nokre få postar finn eg det rett å nemne her;

Utgifter:

Straum; Det er brukt merkbart meir straum i kyrkjene første tertial i 2018. 110.000,- mot 95000,- i 2017. Det må følgjast nøye med koss dette utviklar seg.

Lønsutgifter; Det er brukt noko meir midlar til løn innafor ansvar 57200, Kyrkjene. Dette heng saman med at kyrkjetenarstillinga midlertidig er auka til 50% mot normalt 35% fast stilling.

Utstyr; Det er kjøpt inn nødvendig nytt utstyr til gravplassane, plenklipperar mv. Dette er føreløpig innanfor budsjetttrammene på 25000,- , men her vil det kunne bli behov for å supplera med meir utstyr i løpet av året.

Inntekter;

Festeavgift; Det er føreløpig kome inn merkbart meir med festeavgift enn i same periode i 2017. Onlag 191000,- mot 81000,- i same periode i fjor. Dette vil kunne jamna seg noko ut då det frå år til anna vil vera litt ulike tidspunkt festeavgifta vert sendt ut på samt når det vert registrert innbetalt.

Utsikter til resten av driftsåret:

Framover vil det koma ein del ekstraavgifter til vikarar, særleg i samband med avvikling av sommarferie på gravplassane samt at det vil bli behov for noko vikarteneste for organistane i samband med avvikling av sommarferie.

Vurdering:

Rapporten gir etter kyrkjeverja sin vurdering eit rett bilde av den økonomiske situasjonen så langt i år.

Økonomirapporten for året første tertial viser som forventa ein økonomi som er i balanse, men med små marginar. Relativt små ekstraavgifter kan vippe marginane slik at ein får utfordringar med å gå i balanse.

Særleg må ein følgja med utgiftene til straum. Andre usikkerhetsmoment vil vera utstyr som må fornyast og ev meir bruk av vikar, t.d. ved sjukdom.

Dokument i saka:

- Rekneskapsrapport Sveio Kyrkjelege Fellesråd jan –april 2018

Kyrkjeverja sitt framlegg til vedtak:

Fellesrådet tek økonomirapport januar –april 2018 til orientering.

Behandling i Fellesrådet:

Det kom opp spørsmål til koss ein ønske å møte utgiftene til straum. Her vil blant anna varmestyring og alternative varmekjelder vera aktuelle tiltak.

Fellesrådet sitt vedtak:

Fellesrådet tek økonomirapport januar –april 2018 til orientering

SVEIO FELLESRÅD SAKSPAPIR

Styre, råd, utval m.m.	Møtedato	Saksnr	Sbh.
Fellesrådet	12.06.2018	Fel . 17/2018	OK
Sbh: Ottar Krakk	Arkiv:		

Sak 17/2018 Møteplan Haust 2018

Det bør setjast opp tre møter i Fellesrådet for hausten 2018.

Kyrkjeverja vil føreslå følgjande datoar:

Onsdag 5. september

Onsdag 17.oktober

Onsdag 28. november

Alle møter vert på Soknehuset kl 1800

Behandling i Fellesrådet:

Onsdag 28. november har Sveio Sokneråd sett opp møte.

Fellesrådet sitt vedtak:

Det vert møte i Fellesrådet følgjande datoar;

Onsdag 5. september

Onsdag 17.oktober

Torsdag 29. november

Alle møter vert på Soknehuset kl 1800